



8

Kyrkjestabane i Fjell, Sund og Øygarden på samling i Hjelme kyrkje

## Samanslåingsprosessen har starta

Dei kyrkjelege fellesråda slår seg saman frå 1.1.2020



Vokalemsemet Sotra Reviderte

Side 4



Sommarveke på Institutt for sjelesorg

Side 7

**UTGJEVAR** Fjell kyrkjelege fellestråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut 6 gonger i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.

**Bankgiro, Kyrkjebladet**  
1503.84.37590

**Bankgiro, Fjell kyrkjelege fellestråd**  
1503.84.35067

**Ansvarleg redaktør**  
Olav Martin Vik

**Grafisk utforming**  
Anne-Kari Vik

**Trykk**  
Bodoni AS

**Framsdebilete:**  
Olav Martin Vik

**Kyrjekontoret**  
Postboks 184, 5342 Straume

**Telefon**  
55 09 74 40

**Epost**  
post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Besøksadresse**  
Tytebærbrekko 2, Temahuset

kyrkja.no/fjell  
t-dagen.no

**INNLEVERINGSFRIST**  
for annonsar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: 6. november.

## Leiar

ved kyrkjeverje Olav Martin Vik



Kjære lesar av Fjell kyrkjeblad.

Me går mot tider med endring. No startar med tyngde prosessen med å slå saman kommunane. Også dei kyrkjelege fellestråda skal slå seg saman. Mange lurar på kva dette vil bety for arbeidet til kyrkja lokalt. Det er viktig for oss informere etter kvart som prosessen skrivar fram slik at du som innbyggjar veit kva som skjer.

Det vert endringar og det vert noko nytt frå 2020. Det gir oss mulighet til å skape gode ordningar for framtida i den fasen me no går inn i.

I tillegg til ordninga med felles kyrkjeverje for Fjell, Sund og Øygarden har eg fått ansvaret med å leie arbeidet med samanslåinga av dei kyrkjelege fellestråda. Det er eit stort ansvar og ein stor tillit som

er gitt meg. Med meg har eg tre flotte kyrkjestabar og nokre menneske som har prosjektarbeidet som ei særskilt oppgåve fram mot 2020. Det er eg glad for.

Parallelt med prosjektarbeidet skal me levere tenester og halde drifta oppe som normalt.

I alt me styrer med så ligg noko fast og trygt;- Gud endrar seg ikkje. Det gjer heller ikkje Guds ord til oss.

I bladet kan du også lese om noko av det som skjer i regi av kyrkja, frivillige og samarbeidande organisasjonar.

Du må ha ein riktig god haust!

## Kyrkjebenken på Sartor blir meir synleg



Kyrkjebenken har starta opp att etter ein lengre pause, og blir meir synleg på Sartor Storsenter med nye Roll-Ups.

I mange år har Kyrkjebenken vore eit fast innslag på Sartor Storsenter, men det siste året har det vore ein pause.

No er vi i gang att, kvar torsdag framover. Der kan du slå av ein prat med diakon Torbjørn Fjøren (bilete) eller ein av prestane våre om kvardagsleiting, eller det du måtte ha på hjartet. Kyrkjebenken er eit tilbod for alle.

Kyrkja ønskjer å vere synleg der folk er, og håpar du vil ta turen til kyrkjebenken om du kjenner at dette er noko for deg.

**Kyrkjebenken finn du i Glassgården, ved biblioteket på Sartor Storsenter, kvar torsdag frå kl. 13.00-15.00.**

Velkomen til ein prat, og ein kopp kaffi.

# Takknemlighet



For litt over ett år siden, begynte jeg å jobbe som trosopplæringsleder i Fjell. Familien min flyttet over havet fra Wisconsin i USA og startet eit nytt liv i Norge.

Jeg er veldig takknemlig for at vi får bo i Norge – et vakkert land som prioriterer familier. Jeg er takknemlig for at guttene våre har funnet seg til rette! Jeg er takknemlig for den vakre naturen rundt oss, og for heimen vår på nydelige Algrøy. Jeg er veldig takknemlig for mine fantastiske kollegaer. Jeg er takknemlig for at jeg får lov til å jobbe med barn, ungdom og familier – at jeg blir kjent med dem, og får dele budskapet om Guds ubegrensede kjærlighet gjennom Kristus, som forandrer livet og gir oss mening, identitet og nytt liv.

Og så er det noen ting jeg er mindre takknemlig for. Midt i mørketiden og med litt for mye regn, finnes det noen utfordringer med et nytt liv i Norge. Det er ikke alltid lett å være takknemlig.

Så nå i høst, mens kirken feirer «Høsttakkefest» og folk i USA feirer «Thanksgiving», vil familien min og jeg fokusere på å være takknemlig for mange ting. Og jeg kommer med en utfordring til dere: Jeg utfordrer dere til å fokusere på å være takknemlig. Hver kveld, før leggetid, si høyt tre ting du er takknemlig for. Har

du familie eller andre du bor med, si én ting du er takknemlig for med hver enkelt av dem.

Det er mye kraft i det å være takknemlig. Selv om det av og til ikke er så lett å se det. Alle har mørke og vanskelige situasjoner. Livet er ikke alltid lett. Men, midt opp i det, har vi Gud som er til stede, som bryr seg om oss og elsker oss, og vil det beste for oss. Det å faktisk nevne det vi er takknemlig for, hjelper oss til å være mer oppmerksom på velsignelsene våre. Så, hva er dere takknemlig for? Husk å dele det med andre, og å fortelle andre hvorfor du er takknemlig for dem!

***“Takk Gud under alle forhold!  
For dette er Guds vilje med dere i  
Kristus Jesus.”***

1. Tess 5, 18

Kari Burke-Romarheim,  
T-dagsleiar og kyrkjelydspedagog



## innhald

- Side 4 Vokalemsemet Sotra Reviderte
- Side 8-9 Samanslåing av kyrkjelege fellesråd
- Side 14 T 11 - På sporet av Jesus

# Vokalensemblet Sotra Reviderte



Mange har sikkert hørt Vokalensemblet Sotra Reviderte ved ulike arrangement både i Fjell kyrkje, Foldnes kyrkje og Landro kyrkje. Men kanskje ikkje alle veit skikkeleg kven vi er, og kva vi held på med, og presenterer oss her.

Tekst: Ingjerd Hauge Johansen

Foto: Tor Amund Gjersvik og Ingjerd Hauge Johansen

Sotra Reviderte er eit a-capella-kyrkjekor med for tida 16 medlemmar. Vi er knytta til Fjell kyrkjelyd, dirigent er kantor Olav Sørheim.

Koret blei starta så tidleg som i 1979, med same dirigent, og var i si tid ein vidareføring av eit «Ungevaksne»-kor. No er vi meir blitt eit «Godt-vaksne»-kor!

Stilarten vår strekkjer seg frå gamal og ny kyrkjemusikk, negro spirituals, klassisk, jazz, til folketonar frå inn- og utland.

Vi har våre faste framføringar i Fjell kyrkje, men vi besøker også andre stader rundt om, og vi har ved fleire høve deltatt på korarrange-

ment i utlandet. Vi har også deltatt i korkonkurransar, samt opptrekk på TV2, NRK 1 TV og NRK Hordaland radio.

No i haust jobbar vi med Duke Ellingtons «Sacred Concert», som vi skal framføre saman med Sotra Storband i Olsvik kirke 27. oktober. Deretter skal vi delta på Lutherjubileet i Fjell, Sund og Øygarden 4. til 5. november. Og som vanleg blir vi også å høyre på «Vi syng jula inn» i Fjell kyrkje i desember.

Mange av oss har vore med i koret veldig lenge, og nokre er litt nyare. Felles for oss alle er at vi trivst veldig godt både med song og kvarandre! Vi er også ein godt

samansveisa gjeng, men det forhindrar ikkje at vi veldig gjerne vil ha fleire medlemmar i koret. Både herre- og damestemmer. Vi legg vekt på god kvalitet på det vi framfører, men ingen av oss er profesjonelle songarar ... Det ligg vel heller i at dirigenten vår får fram det beste i oss!



Øver kvar tysdag i Fjell kyrkje  
frå kl. 19.00-21.30.

Opent for alle som vil syngje i a-capellakor. Vi ønskjer gjerne songarar på sopran, alt, tenor og bass!

# 3 spørsmål til 4 i Sotra Reviderte

1. Kor lenge har du vore med i koret?
2. Kvifor syng du i Sotra Reviderte?
3. Kva er det beste med å syngje i vokalsemblet?



**Lisbeth Rustad,**  
**1. sopran**

1. Sidan januar 2015
2. Fordi song og musikk gir utruleg mykje glede i kvardagen, og det å syngje saman med andre får meg til å gløyme alt stress og mas. Når vi samstundes kan syngje til Guds ære, blir det reine kinderegget!
3. Sotra Reviderte har så variert repertoar, og eg blei nysjerrig då eg høyrde koret for første gong for mange år sidan. Så fekk eg vere med koret i "Salmemaratton" på NRK TV for 3 år sidan, og sidan då har det vore mitt kor, der eg har fått gode songarvener. Aldri ein kjedeleg øving med dei Reviderte.



**Olav Ulveseth,**  
**tenor**

1. Cirka 4 år
2. Eg byrja då koret hadde eit prosjekt saman med fleire kor i Bergen og omegn. Eg syntest det var kjekt å syngja kyrkjemusikk att. Eg hadde lang fartstid i Bergen Domkantori frå før, så det var fint å ta opp sjangeren att. Etter prosjektet vart eg fast medlem i koret.
3. Forutan gleda ved å syngje, så er det ein fin gjeng å vere saman med. Å få vere med å glede folk med song og musikk, er noko som gir glede og energi.



**Hilde Apelthun,**  
**1. alt**

1. 19 år, med eit par avbrekk
2. Fordi eg likar å syngje, har gjort det sidan eg var ganske liten. Byrja i kor då eg var 9 år. Sotra Reviderte har eit repertoar som eg likar: salmar, sakralt folketonar, klassisk, jazz og negro spirituals. Dessutan held koret eit visst musikalsk nivå. Det likar eg.
3. Det gjer meg glad. Ingen skikkeleg tysdag utan korøving. Det er utruleg kjekt å byrje å øve inn noko nytt- saman- og skape eit ferdig produkt. Vi har det også veldig kjekt sosialt, med kaffipausar og noko godt å bite i, og "drøs". Vi ler mykje og har det morosamt, på øvingar og på turar. Men vi har plass til fleire.



**Thor Audun Nesse,**  
**bass**

1. 34 år
2. Fordi eg er glad i klassisk musikk og spesielt kyrkjemusikk. Sotra Reviderte er eit kor som passar meg godt både med tanke på repertoar og talet på stemmer i koret.
3. Eg får ta del i mange fine konsertar mer variert innhald. Koret har eit breitt repertoar og vi tek del på konsertar med andre musikkarar. Av høgdepunkta vil eg nemne Händels Messias i Grieghallen, Mozarts Requiem og konsert i Lincoln Katedralen i England. Vi har også hatt mange fine turar saman i inn- og utland, og det sosiale fellesskapet har vore av stor verdi for meg. Korsang er også ein god måte å stresse ned på i ein hektisk kvardag.



**BESTILLINGSTRANSPORT - TYS DAGAR OG TORS DAGAR**   
**KOR ENN DU BUR I FJELL. TIL OG FRÅ STRAUME TERMINAL.**



**KVEN KAN TA BUSSEN?**

Bussen er tilrettelagt for dei som deltek på AKTIV+ tysdagar og TREFF+ torsdagar, men er ope for alle som har behov for transport til og/eller frå Straume terminal.

 **BESTILL Plass på BUSSEN**

Tlf. 55 09 69 29 (10-14 kvardagar) eller e-post til [frivillig@fjell.kommune.no](mailto:frivillig@fjell.kommune.no)

Bestillingstelefonen er bemanna kvardagar mellom 10-14. Bestillingar må vere motteken innan klokken 14 dagen før. Du kan bestilla fast plass på bussen.

**STARTTIDSPUNKT RUTER**

Rute 1.	Bjørøyna	kl. 09.25
Rute 2.	Turøyna	kl. 09.15
Rute 3.	Syltøyna	kl. 09.05
Rute 4.	Kallestad	kl. 09.10
Rute 5.	Møvika	kl. 09.20

Ankomst Straume terminal alle ruter innan kl. 11.00. Retur kl. 14.00 alle ruter. (Retur frå Sotra Arena tysdagar kl. 13.45).

**PRIS**

**Pris: Kr. 30,-** kvar veg. Klippekort med 10 reiser vert selde på bussen. (Kr. 300,- fortrinnsvis bankkort)

MEIR INFORMASJON [WWW.FJELL.KOMMUNE.NO/SENIORTILBOD](http://WWW.FJELL.KOMMUNE.NO/SENIORTILBOD) - FJELL FRIVILLIGSENTRAL TLF 55 09 69 29

# Stiftelsen hjelp til vanskelegstilte

Stiftelsen gir **økonomisk hjelp** til eldre og andre vanskelegstilte i Fjell kommune

Private, familier, institusjoner og organisasjoner kan søke.

**SØKNADFRIST 1. nov. 2017**

*Mer info på hjemmeside: [www.shtv.no](http://www.shtv.no)*

9. NOVEMBER

# KRYSTALL- NATTEN

MARKERING I  
BIBELSKOLEHALLEN, BILDØY  
ONSDAG 9. NOV. KL. 18.00

Stå opp mot hatet!  
**ALDRIMER**  
må jødene stå alene!



**TALERE:**  
Mats Tangestuen, faglig leder Jødisk Museum, Oslo  
Marita Moltu, varaordfører i Bergen, KrF  
Roald Evensen, forkynner Imf  
Egil Morland, førstelektor NLA

**HILSEN:**  
Tom Georg Indrevik, varaordfører i Fjell

**MUSIKALSKE INNSLAG:**  
Bibelskolekoret, Solvi Arefjord Vindenes (sang),  
Ragnvald Ree (piano)

**VEL MØTT!**

Arrangementet er støttet av: P7 Kristen Riksradio,  
Imf - Straume, Midthordland Indremisjon, Sion Øygarden,  
Israelsmisjonen Bergen krets, Ordet og Israel, Tremorkirken,  
Bibelskolen Bildøy, Norge-Israel Foreningen Bergen,  
MIFF Bergen, Norge IDAG, Evangelisten.  
Arrangør: Krystallnattkomiteen, Sartora Tankesmie



Grupa frå Sotra samla ved Modum bad

## Sommarveke på Institutt for sjelesorg

21.-25. august var vi ein gjeng frå kyrkjelydane i Fjell, Foldnes og Landro på opphald på Institutt for sjelesorg på Modum Bad. Det var eit innhaldsrikt program med mellom anna morgonbøn, fellesmåltid og kveldsbøn. Nokre av dagane var det også gudsteneste, anten morgon eller kveld, i tillegg fekk vi også åndeleg påfyll gjennom bibeltimar to av dagane.

Til tross for eit innhaldsrikt program, var det lagt inn gode pausar innimellom alle programpostane. Sidan vêret nesten heile tida var på vårt lag, vart pausane av mange nytta godt mellom anna til fotturar i nærområdet til Modum Bad og tytebær- og blåbærplukking.

Eitt av høgdepunkta på heile opphaldet for mange var utfluktene til Blaafargeværket og Koboltgruvane på onsdagen. Alt i alt vart dette ein flott tur for alle, med gode og minnerike opplevingar både av åndeleg, sosial og musikalsk karakter. Vi voner å gjenta suksessen i 2018. Kom og bli med!

Eivind Kausland Lie



På sykkel-VM sin siste dag, søndag 24.09, var det VM-frokost på kyrkjekontoret, før menn elite kom syklande til Straume frå Øygarden. Ein god gjeng var med på frokosten: tilsette med familiar, kyrkjegjengarar og frivillige i kyrkjelydane i Fjell, og det var god stemning.

Foto: Norvald Snekkvik

# Samanslåing av kyrkjelege fellesråd

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden skal slå seg saman frå 1.1.2020. Som følgje av dette vert også dei kyrkjelege fellesråda slått saman med verknad frå same dato. Prosessen med å slå saman fellesråda har starta. Denne prosessen er svært lik den kommunale prosessen. I denne artikkelen vil me informere om det som skal skje framover. Me gir også ei forklaring på dei kyrkjelege råda si rolle.



av kyrkjeverje og prosjektleiar Olav Martin Vik

## Kyrkjeleg fellesråd

er eit organ i Den norske kyrkja, og finst i alle norske kommunar. Kyrkjeleg fellesråd såg dagens lys i 1997 ved at den kommunale forvaltninga av kyrkja lokalt innanfor personal, økonomistyring, byggdrift og gravplassforvaltning vart flytta frå kommunen til dette nyoppretta forvaltningsorganet. Kyrkjeleg fellesråd vert rekna som ein del av kommuneforvaltninga, men er ikkje ein del av kommunen sin organisasjon ved at det etter utskillinga er to separate rettssubjekt og har kvar sine folkevalgte organ.

Rådet vert samansett av representantar frå dei valde sokneråda i kommunen. Kommunestyret vel ein kommunal representant til kyrkjeleg fellesråd

Rådets sine oppgåver er å ivareta kyrkjegardar, kyrkjebygg og kontor for kyrkjelege tilsette. Rådet sine daglege verksemd vert leia av av kyrkjeverje. Fellesrådet utarbeidar også planar for det kyrkjelege arbeidet lokalt.

Rådet er arbeidsgivar for dei tilsette i kyrkja som t.d. kyrkjetenar, kyrkjegardsarbeidar, kyrkjelydssekretær, trusopplærar, organist, kontormedarbeidar, diakon; i praksis alle andre enn prestane og dei statleg tilsette kateketane.

**Kyrkjeverja** (kirkeverge) er den øvste administrative leiaren i eit kyrkjeleg fellesråd, som fins i kvar kommune i Noreg.

Kyrkjeverje er ein av dei eldste norske profesjonar og oppstod rundt 1150. Stillinga er nemnt allereie i Frostatingslova: "Det skal vera ombudsmann for kyrkjejordene innafor heradet og sokna."

Ein kyrkjeverje har ansvar for personalet, økonomistyring, HMS, bygg- og gravplassforvaltning. Kyrkjeverja rapporterer til kyrkjeleg fellesråd.

## Soknerådet

Eit sokneråd er i Den norske kyrkja eit råd samansett av soknepresten og 4, 6, 8 eller 10 medlemmer valde for 4 år av og blant dei som har røysterett i soknet.

Soknerådet har ansvar for å leggje til rette for kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni i soknet. Soknerådet uttaler seg ved tilsetjing i kyrkjelege stilingar.

Sokna i ein kommune vel representantar til kyrkjeleg fellesråd.

## Sokneråda i Fjell kommune

Det er 3 sokneråd i Fjell kommune; - Foldnes, Fjell og Landro. Tidlegare var det 1 sokneråd. Samanslåinga av fellesråda har ingen konsekvens for soknedelinga.

## Kyrkjeleg fellesnemnd

Denne nemnda er sett saman av representantar frå fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden og ein representant for biskopen. Det set også ein representant frå den kommunale fellesnemnda i kyrkjeleg fellesnemnd. Nemnda har ansvaret for å slå saman dei tre fellesrådsområda. Nemnda skal ha sitt første møte 18. oktober 2017.

Fellesnemnda er samansett slik (faste medlemmer): Erling Vik og Gisle Kårbø Rong (Øygarden), Harald Rød, Jan Ragnvald Torsvik og Dag-Olav Bjarøy (Fjell), Brynhild Enerhaug og Anne Grete Hareide (Sund), prost Erling Kopperud (for prestane/biskopen) og Oddbjørn Skogestad, for kommunal fellesnemnd.



# Kyrkjelege fellesråd



Samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda vil påverke arbeidet i kyrkja lokalt. Det vert viktig å sikre eit godt lokalt arbeid etter 2019.

## Kva skal slåast saman

### I Sund

7 medarbeidarar (heil- og deltidstillingar).  
Prestane er ikkje rekna med.  
2 kyrkjer med tilhøyrande bygg  
3 gravplassar (gamle og nye)

### I Fjell

34 medarbeidarar (heil- og deltidstillingar).  
Prestane er ikkje rekna med.  
3 kyrkjer med tilhøyrande bygg  
6 gravplassar

### I Øygarden

7 medarbeidarar (heil- og deltidstillingar).  
Presten er ikkje rekna med.  
3 kyrkjer med tilhøyrande bygg  
4 gravplassar

For tida er det totalt 48 fast tilsette medarbeidarar som skal gjennom samanslåingsprosessen.

I tillegg kjem alt planverk som skal harmoniserast slik at arbeidet vert godt og målretta.

Forskjellar skal utjamnast, rutinar må byggjast opp på nytt og ein går inn i ei tid med nye IKT-system som krev opplæring.

Ein må finna gode løysingar som gjer at kyrkja er tilstades lokalt.

## Ny nettside for informasjon

Mot slutten av 2017 vert det laga ei ny nettside som vert oppdatert med informasjon etter kvart som prosessen med å slå saman fellesråda skrur fram.

## Prosesen med å slå saman fellesråda

I 2017 vil ein vere i ein innleiande fase. I 2018 vil ein med tyngde gå inn i alle detaljar. Det er eit omfattande arbeid. Utover i 2019 må ein sjå konturane av den framtidige organisasjonen. Rett over sommaren 2019 må alt vere på plass.

## Prosjektplan

Det er laga ein prosjektplan som er styrande for arbeidet med å slå saman fellesråda.

## Prosjektorganisasjon

Kyrkjeverje Olav Martin Vik skal leie prosjektarbeidet. Prosjektorganisasjonen vert presentert i neste ØyNytt.

## Kostnadar med samanslåinga

Kommunane som skal slå seg saman har fått midlar til dette frå staten. Kyrkjeleg fellesnemnd skal ha sin andel av desse midlane til samanslåing av fellesråda, etter søknad til kommunal fellesnemnd.

## Kva skjer med kyrkja lokalt

Dette er eit grunnleggande viktig tema i denne prosessen. Det er viktig å presisere at sokna består. I samanslåingsprosessen vil arbeidet gå som normalt.

Det som også vert viktig er å diskutere er korleis ein skal organisere arbeidet lokalt frå og med 2020, i høve til dei tilsette i det nye fellesrådsområdet.

I dag er kyrkja og dei kyrkjeleg tilsette tett på folket lokalt. Kyrkja må vere

der folk er. Slik vert det også i framtida; - det handlar om korleis dette skal organiserast. Det vert ein del av prosessen og vil også vere tema i sokneråd og i soknemøte.

Det er også viktig å ta vare på frivillige medarbeidarar i prosessen framover.

## Minnegudsteneste i kyrkjene

Det vert minnegudstenester i Fjell, Landro og Foldnes kyrkje på Allehelgensdag, der dei som har mista nokon av sine kjære i løpet av det siste året i vår kommune, er spesielt invitert. Dette er ikkje ei gudsteneste berre for dei, men også ei gudsteneste der vi som kyrkjelydar kan vera saman med dei som sørgjer og vera ei støtte for dei.

**Minnegudstenesta i år er søndag 5. november kl. 11.00 i alle kyrkjene.** Det er ei vanleg gudsteneste der det vert lagt vekt på at dette er ei minnestund.

Alle er hjarteleg velkomne til denne gudstenesta, både dei som har mista nokon av sine kjære i løpet av det siste året, og om det er lengre tid sidan du opplevde ditt tap.

Eg vil oppmode vanlege kyrkjegjengarar til å ta del i gudstenesta og i kyrkjekaffien.

Torbjørn Fjøren, diakon

## Sorggruppe for Fjell, Sund og Øygarden

Har du opplevd sorg og ønskjer ein stad der du kan prate om sorga og saknet?

Vi vil gjerne invitere deg som har opplevd sorg til å vera med i ei sorggruppe der ein kan vera til hjelp for kvarandre. I ei slik gruppe delar vi erfaringar, og gjennom det hjelper ein kvarandre til å finne vegen vidare i livet. Å vera med i ei sorggruppe høyrer trist ut, men i slike grupper er det ikkje langt mellom latter og gråt.

Det kjem meir informasjon om sorggruppe på temakvelden den 16. november i Foldnes kyrkje.

Velkomen til å delta i sorggruppe.

### For påmelding og informasjon:

Ring diakon Torbjørn Fjøren på mobil 92295377, eller kontakt kyrkjekontoret i Fjell på tlf. 55097440. Du kan også sende e-post til: [torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no](mailto:torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no)

## TEMAKVELD OM SORG

Foldnes kyrkje 16.11  
kl. 19.00

Foredrag ved  
sjukehusprest  
Liv Ingrid Svela  
frå Haukeland sjukehus

**Tema: Sorga sine  
ulike ansikt**

Vi kjem alle til å oppleve sorg ein eller annan gong i livet. I sorga kan ein kjenne seg veldig åleine, for livet går så fort vidare for alle andre medan ein sjølv kjenner på saknet og smerta over å ha mista ein av sine kjære.

Mange av oss kjenner oss hjelpelause i møte med menneske i sorg. Ein veit ikkje kva ein skal seie, og difor held vi avstand til den som sørgjer. Dette kan kanskje ha samanheng med at vi ikkje har kunnskap om korleis møte menneske i sorg.

I november brukar vi å ha ein temakveld om sorg, som vi ønskjer skal vere til hjelp for sørgjande, men også gi kunnskap til alle andre som ønskjer meir kunnskap om korleis møte menneske i sorg.

Torbjørn Fjøren, diakon

## Livets lys

«Livets lys» er eit arrangement for menneske med utviklingshemming.

Til desse arrangementa inviterer vi brukarar frå Fjell, Sund og Øygarden. Vi har fellessong, andakt, song og musikk, og kvelden vert avslutta med kveldsmat og utlodning.

I haust skal det vere samling med Livets lys:

**27. oktober**

**17. november**

**Tid: 18.00-20.00**

**Stad: Foldnes kyrkje**

Hjarteleg velkomne!



## Tilbod om skyss til Fjell kyrkje

Fjell sokneråd prøver ut skyss til Fjell kyrkje desse søndagane i haust:

22. oktober  
5. november  
3. desember

Ring eller send melding til 913 87 733 fredagen før gudstenesta om du treng skyss, mellom kl. 17.00-19.00, eller søndagen mellom kl. 09.30-10.00. Oppgje namn og adresse i eventuell melding.

Velkomen til kyrkja!

## Foldnes kyrkje



Vi hadde nokre varme solskinnsdagar i slutten av september, og ein av veggane til Foldnes kyrkje fekk seg eit nytt målingstrok med kvitmåling av denne arbeidsame gjengen: Norvald Snekkevik, Øystein Bergsvik, Lorentz A. Skumsnes og Torstein Vassnes. Resten av kyrkjeveggane blir måla til våren.

Foto: Norvald Snekkevik og Elisabeth Møll Jung



## Bli med i Nordre Fjell barne- og tweenskor i Landro kyrkje

Barnekoret i alderen 1.-4. klasse, øver kvar tysdag frå 17.30 til 18.35. Tweenskoret i alderen 5.-7. klasse, øver kvar tysdag frå 18.40 til 19.40. Vi følgjer for det meste skuleruta. Semesteravgift på kr. 100,-

### Noko av det vi er med på i haust:

Tysdag 31. oktober: Arrangementet Halloven i Ågotneshallen kl. 17.00. Vi har minikonsert med Jarle Waldemar.

Søndag 10. desember er det «Vi syng jula inn» i Landro kyrkje, der barne- og tweenskoret deltek saman med andre frivillige. Kora deltek også på familiegudstenester, mellom anna på hausttakkefest og 1. søndag i advent.

Dersom du er nysgjerrig på om dette kan vere noko for deg, kan du vera med på ei øving tysdag kl. 17.30 (18.40 for tweens).

### Kontaktperson:

Eline Olsen, organist og barnekorleiar i Landro kyrkje  
Tlf. 90605332  
E-post: [elineolsen@yahoo.com](mailto:elineolsen@yahoo.com)



# HalloVenn

Karneval med tema: Gode venner ved sjøen!

Motto: "Det du vil at andre skal gjøre mot deg, det skal du gjøre mot dem!"

Ågotneshallen 31. okt. kl. 17.00-19.30

Åpning med Jarle Waldemar og barnekor.  
Godteri, pølser og aktiviteter inkl. i pris

Pris: Barn kr. 110. Voksen kr. 110

Makspris pr. familie kr. 350 (foreldre+barn)

Barn må komme i følge med voksen.

Forhåndssalg av bill. på [www.checkin.no](http://www.checkin.no)

Evt. restbilletter selges i døren. Men begrenset plass!

[www.hallovenn.no](http://www.hallovenn.no)

Arranger: Landro kyrkje og Metodistkirken på Sotra

Bruk fantasien og kle deg ut med kostymer fra sjøen!  
(skal ikke skremme andre - ikke skrekkmasker)

Godteri og aktiviteter!  
Dette blir gøy!



## Lutherjazz med **PASTOR WANGS** **Kvintett**



Øystein Wang - flygel,  
Torfinn Wang - bass,  
Mads Falck Berven - gitar,  
Cato Lyngholm - trommer,  
TBA - trompet

**Landro kyrkje**  
**fredag 20. okt. kl. 19.30**

**Billetter: 150 / student 100**

## 500-års Luther-musikk

Pastor Wang Quintet har gitt ut 3 album med jazz-bearbeiding av salmer. Med sitt nye Lutherjazz-prosjekt, tar de oss med inn i reformasjonens salmemateriale og gir det en egen bearbeiding, gjennom nye rytmiske figurer og improvisasjon.

Dette prosjektet er et viktig tilskudd til Lutherfeiringen, og det nye albumet har blitt godt mottatt.

Pastor Wangs kvintett består denne kvelden av Øystein Wang på flygel, Torfinn Wang på bass, Mads Falck Berven på gitar og Cato Lyngholm på trommer og trompet.

Eline Olsen  
Kantor Landro kyrkje

## Konsert i Fjell Kyrkje

TIL INNTEKT FOR FORFULGTE KRISTNE

### Algroy Bygdakor

sammen med

**Eva Rosa Knapskog & Oddmund Fjereide**

Fjell Kyrkje  
22. oktober, kl: 18:00

**Gratis inngang**  
- kollekt til Åpne Dørers arbeid.



I samarbeid med



## Juleprosjektkor

**Bli med og syng!**

### Repertoar:

Pop- og gospelinspirert  
julemusikk.

### Øving:

Landro kyrkje i november  
- avtalt etter påmelding.



### Framføring:

Vi syng jula inn  
Landro kyrkje 10. desember.

### Påmelding:

E-post: [elineolsen@yahoo.com](mailto:elineolsen@yahoo.com)  
SMS 90605332

## T 11 - På sporet av Jesus

Fredag 29. september var mange sjetteklassingar og ein god gjeng «milkarar» samla i Foldnes kyrkje. Dei fekk gå «fotspora til Jesus». På oppdrag frå Lukas, som skulle skrive bok om Jesus, henta dei inn mykje nyttig informasjon, både frå Sakkeus i treet, fiskaren Peter, Maria Magdalena, synagogeforstandaren og systema til den lamme mannen. Etter å ha høyrte historia til alle desse, var T11-deltakarane på fest hos Sakkeus, og der var det både jødisk dans og mat frå Midtausten. Det vart ein fin T11-dag, med mange smil og godord, både frå vaksne og elleveåringar. Vi gler oss til å treffe denne flotte gjengen igjen på «T12 Lys Vaken» om eit drøyt år.



## T 4 - Kyrkjeboka mi

Søndag 3. september var det T4-dag i alle tre kyrkjene våre. Det var familiegudsteneste og utdeling av den fine, raude «kyrkjeboka» til dei som var fødde i 2013. Etterpå var det deilig kyrkjekaffi. Velkomen til T5-dag våren 2018!



## T10 - Tweens

**Fredag 20. oktober kl. 18.00-21.00**, blir det «T10 Tweens» i Fjell kyrkje for alle femteklassingane i kommunen. Det blir hobbyaktivitetar, leik, ballspel, song, andakt, kiosk og mykje meir. Du kan berre begynne å gle deg med ein gong! Det er gratis å kome inn på Tweens, men det er lurt å ta med nokre småpengar til kiosken. Påmelding på [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no).



Til deg som er vaksen: Vi er ein fin gjeng vaksenleiarar på Tweens, men vi treng alltid fleire! Meld deg til Søgne, tlf. 975 46 646, dersom du kan tenkje deg å vere med på ein eller fleire tweenssamlingar i løpet av hausten.


## T12 - Lys vaken



**Laurdag 18. til søndag 19. november** er det endeleg klart for «T12 Lys Vaken» i Fjell kyrkje. Alle som er sjuandeklassingar, er velkomne til å bli med. På laurdagen blir det mange varierte aktivitetar i kyrkja. Vi skal mellom anna ha rebusløp, møte Paulus, ete taco, ha gudstenesteverkstad og «perlevandring», og mykje meir. Etter tannpuss og «ord for natta», skal vi rulle ut liggeunderlaga og soveposane mellom kyrkjebenkene, og så skal vi overnatte i kyrkjerommet. Søndag morgon blir det frukost, gudsteneste og kyrkjekaffi med misjonsbasar. Påmelding på [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no). Velkomen!

### Velkomen på T-dagar

- Påmelding til og info om alle T-dagane finn du på [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no) eller på tlf. 55 09 74 40. Spør etter Elisabeth, Kari eller Søgne.
- Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering.
- Trusopplæringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ta kontakt ved særskilde behov.



**T-dagen**  
Bli med på T-dagar  
**2017**

- T17** 17. september: Skole og skole
- T14** 14. september: Kikkoff
- T4** 1. september: På ei god kyrkjeboks
- T11** 29. september: På spanil av Jesus
- T10** 20. oktober: Påske
- T12** 18. november - søndag 19. november: På ei Vokse
- T3** 1. desember: Påske
- T16, 17, 18** 9. desember: Adventsturne
- T1** 1. oktober: Påske i kyrkja. Ein måndag i kvar månad

Påmelding: [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no) eller [kyrkja.no/fjell](http://kyrkja.no/fjell)

**Med himmel over tvet og føter på Fjell**

# Velkommen til gudsteneste

Dato	Kyrkje	Kl.	Gudsteneste	Dåp/nattverd	Prest	Takkoffer
<b>Fjell kyrkje</b> 						
15.10.2017	Fjell kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp	Nese	Misjonsprosjekt Thailand/Laos
22.10.2017	Fjell kyrkje	11.00	Familiegudsteneste	Dåp	Aannerød	Fjell KFUM-KFUK
29.10.2017	Fjell kyrkje	11.00	Gudsteneste	Nattverd	Nese	KRIK Norge
05.11.2017	Fjell kyrkje	11.00	Minnegudsteneste	Nattverd	Aannerød	Haraldsplass samtalesenter
12.11.2017	Fjell kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp/nattverd	Nese	Sjømannskirken
19.11.2017	Fjell kyrkje	11.00	Gudsteneste	Nattverd	Aannerød	Kyrkjelydsarbeidet
26.11.2017	Fjell kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp/nattverd	Unneland	Kirkens ressursenter

## Foldnes kyrkje



22.10.2017	Foldnes krk.	11.00	Familiegudsteneste	Nattverd	Burke-Romarheim	Kyrkjelydsarbeidet
29.10.2017	Foldnes krk.	19.00	Bibel, bøn & lovsong	Nattverd	Karlsen Eide	Kyrkjelydsarbeidet
05.11.2017	Foldnes krk.	11.00	Minnegudsteneste	Nattverd	Unneland	Kyrkjelydsarbeidet
12.11.2017	Foldnes krk.	11.00	Gudsteneste	Dåp/nattverd	Kopperud	OASE
19.11.2017	Foldnes krk.	17.00	Ung Messe	Nattverd	Tjentland	Kyrkjelydsarbeidet
26.11.2017	Foldnes krk.	11.00	Bibel, bøn & lovsong	Nattverd	Karlsen Eide	Kyrkjelydsarbeidet

## Landro kyrkje



15.10.2017	Landro krk.	11.00	Gudsteneste	Dåp/nattverd	Karlsen Eide	Kyrkjelydsarbeidet
22.10.2017	Landro krk.	11.00	Familiegudsteneste	Dåp	Karlsen Eide	TV-aksjonen UNICEF
29.10.2017	Landro krk.	11.00	Gudsteneste		Aannerød	Bibelskolen Bildøy
05.11.2017	Landro krk.	11.00	Minnegudsteneste	Nattverd	Nese	Institutt for sjelesorg, Modum
12.11.2017	Landro krk.	11.00	Gudsteneste	Dåp/nattverd	Karlsen Eide	Stefanusalliansen
19.11.2017	Landro krk.	11.00	Gudsteneste	Dåp/nattverd	Unneland	Kyrkjelydsarbeidet
26.11.2017	Landro krk.	11.00	Gudsteneste	Nattverd	Nese	Det norske Bibelselskap

Med atterhald om endringar. Sjå også [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell) for gudstenesteoversikt.

*Stor er Herren og verdig lov og pris, stordomen hans kan ingen granska. Slekt etter slekt prisar dine gjerningar og fortel om dine storverk. Eg grundar på din høge herlegdom og di ære og på dine underfulle ord.*

*Salme 145, 3-5*

T1

**T1-dag med**  
**Baby Song**

www.t-dagen.no



Velkommen til babysong, lunsj og fellesskap ein eller fleire av desse måndagane kl 10.30-12.30:

- 30. oktober: Landro kyrkje
- 27. november: Fjell kyrkje
- 11. desember: Foldnes kyrkje
- 22. januar: Landro kyrkje
- 19. februar: Fjell kyrkje
- 19. mars: Foldnes kyrkje

Påmelding: [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)  
eller [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)  
Telefon: 930 64 205 (Elisabeth)



## Døpte

## Fjell kyrkje

27.08.2017

Jonathan Dale Skjerping  
Daniel Gimmestad Sande  
Jakob Onstad Sangolt  
Liam Angeltveit Wollertsen  
Edward Sanchez Domben  
Mathilde Hjertholm-Molde

03.09.2017

Sofie Fjæreide  
Thea Kristine Norheim Ekerhovd  
Aurora Strandskog Andreassen  
Daniel Snekkevik-Vindenes

17.09.2017

Konrad Nordvik-Hjelleseth  
Sofia Tveit Vågenes  
Cecilie Gjersvik Ervik

01.10.2017

Karoline Høggøy-Aase  
Philip Rygg Torsvik  
Oskar Dybdahl Flaskerud  
Nora Adelen Larsen Folkedal  
Odin Josephsen Svidal  
Nikolai Ayzenberg Spjeld

## Foldnes kyrkje

03.09.2017

Helene Birkeland  
Noah Marcelo Wiik Oteiza  
Emma Marie Hatlen Lone  
Linnéa Romøren Hjønnnevgå

10.09.2017

Noah Milan Fjell  
Matheo Snarberg Skjoldal  
Joan Hjønnnevgå  
Frøya Kvam Monsen

17.09.2017

Simen Senala Jahren  
Martin Førde Jensen  
Jacob Odland Foldnes  
Matheo Bjørdal

## Landro kyrkje

03.09.2017

Liam Haagensen Berland  
Sivert Andersen Tjong

17.09.2017

Felix Bernhardsen Fjellhaug

01.10.2017

Nelly Gjøen Mehus Angeltveit  
Oliver Sandtorv Martinussen  
Severin Elvestad  
Eline Bleie Berge



## Vigde

## Fjell kyrkje

01.07.2017

Lene Kristin Turøy og Steffen Strande  
Hilda Lovisa Isabell Guerron Eriksson  
og Thomas Ervik Algrøy  
Natalie Solberg Angeltveit og og Tor-  
geir Hultstrand

07.07.2017

Inger Lise Bø og Kim Petterson

15.07.2017

Astrid Gyda Josefin Kolbjørnsdatter  
Midthun og Christian Gjelsvik Sund

29.07.2017

Tonje Kartveit og Espen Söderstrøm

05.08.2017

Ingrid Strømsnes og Håkon Kravdal

12.08.2017

Silje Melkeraaen og Trond Erstad

19.08.2017

Elin Elisabeth Olsen og Atle Vågen

02.09.2017

Iris Lillebø og Magne Skår

09.09.2017

Anne Merethe Andersen og  
Willy Martinussen

## Foldnes kyrkje

02.09.2017

Julie Skjold Hellesø og Bjarte Pedersen

10.08.2017

Eva Morlandstø og Bjarne Skarestad

22.07.2017

Lisbeth Nygård Hansen og Vinjar  
Kvamme Nesse

## Landro kyrkje

29.07.2017

Irene Marie Bergersen og Geir Håland

Ønskjer du dåp eller vigsel i  
Fjell, Foldnes eller  
Landro kyrkjer?

Kontakt Fjell kyrkjekontor på tlf.  
55 09 74 40 eller gå inn på nett-  
sida vår: [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell) for  
meir informasjon.

## Døde

## Fjell sokn

Karstein Johan Grindheim	f. 1931
Eva Yvonne Jensen	f. 1952
Elisabeth Bertine Telle	f. 1922
Tor Egil Eliassen	f. 1942
Nina Thilesen	f. 1997
Bergit Brithilde Møvik	f. 1924
Sverre Magne Kolltveit	f. 1935
Jens Andersland	f. 1931

## Foldnes sokn

Kristen Mollandsøy	f. 1929
Thor-Eirik Hansen	f. 1953
Gunnar Andreas Jameson	f. 1948
Esther Schutz	f. 1923
Aslaug Gerd Andersen	f. 1920
Audun Østerbø	f. 1932
Magne Olaf Espelund	f. 1948
Kjell Hordnes	f. 1940
Arne Brakstad	f. 1942
Helge Philip Kvello-Aune	f. 1949

## Landro sokn

Aslaug Fjereide	f. 1922
Margot Landro	f. 1933
Malvin Severin Eikevåg	f. 1929
Anne Birthe Vindenes	f. 1962
Charles Erstad	f. 1950

*Vår Herre Jesus Kristus  
seier:*

*"Eg er oppstoda og livet.*

*Den som trur på meg,*

*skal leva om han så døyr.*

*Og kvar den som lever og*

*trur på meg, skal i all æve  
ikkje døy."*

*Joh. 11,25-26*

# RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirenselanlegg

**Kontakt:**  
August Norge AS  
Avd. Vestlandet  
Tlf: 949 70 680  
Mail: svein@augustnorge.no




Ta kontakt for en uforpliktende befarings!  
[www.augustnorge.no](http://www.augustnorge.no)

- koldtbord kr 199,- pr. pers
- snitter kr 24,-
- marsipankake 400,-




**Lene's** bakeri & catering

for bestilling ring 56333310/56334410  
vi holder til på Kolltveit Kai



BYGGESELSKAPET AS

5357 FJELL  
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203  
Fax. 56 32 08 75



Gravferdsannonser

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravellesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 2, 5353 Straume  
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)



**Bjergvin** Døgnvakt 55 20 23 00  
BEGRAVELSESBYRÅ [www.bjergvin-bao](http://www.bjergvin-bao)

Seremoni eller pårørendes ønske, med omsorg og respekt.

-din el-kontakt

**VESTGAR ELEKTRO**

Westland Elektro AS har fusjonert med Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit  
T: 400 30 210 • E-post: [post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no) • [www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)

- Snitter
- Koldtbord
- Selskapsmat
- Tapas • Kaker

Tlf. 56 33 11 50

Ry stasjon  
: Mellomgaten 113 B



**Annonse plass?**

Fjell kyrkjeblad kjem i postkassa til alle i Fjell kommune 6 gonger i året.

Dersom du vil nå breitt ut, kan vi hjelpe deg med annonseplass.

Ta kontakt for eit tilbod. Tlf 55097440 eller e-post: [post.kyrkja@fjell.kommune.no](mailto:post.kyrkja@fjell.kommune.no)

**Fjell-ly** Leirstedet til IMF Midthordland

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Korskokaker - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted  
Møvikvn.198, 5357 FJELL [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)




**Bergen Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLLEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Mjåe

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

AVD. BERGEN  
Teahøgt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA  
2.etg på Skettstasjonen  
Sotra, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



**Solstrands**  
Begravelsesbyrå as

Vita seremoniplaner på Sotra  
Bostadgarden, 2. etg. 5353 Straume  
Telefon 55 25 14 14 hele døgnet  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)  
Får utførelse - alle trykkløst



**VISSA GRAVFERD**



## Kontakt med prest i Fjell

Ved behov for teneste frå prest, som ikkje kan vente (til dømes dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg og støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med:

På dagtid 55 09 74 40

## Beredskapstelefon i prostiet

I tidsrommet kl 17.00-08.00 på kvardagar og i helgene/høgtidene frå kl. 08.00 er det alltid ein prest i beredskap i prostiet.

Vakthavande prest på telefon: 95 48 36 55

## Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med nokon av oss på eit av desse telefonnummera:

Sokneprest Fjell Terje Aannerød	tlf. 55 09 74 51 (arbeid)
Sokneprest Bjarte Nese	tlf. 55 09 74 52 (arbeid)
Sokneprest Vetle Karlsen Eide	tlf. 55 09 74 46 (arbeid)
Ungdomsprest Jon Andreas Tjentland	tlf: 55 09 74 56 (arbeid)
Soknediakon Torbjørn Fjøren	tlf. 55 09 74 47, m. 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Nils Ivar Honningdal	tlf. 55 09 74 58, m. 99 46 88 70
Ungdomsarbeidar Håkon Syrstadeng	tlf. 55 09 74 66, m. 91 80 46 80

# v.p.p.s

Fjell kyrkjelege fellesråd: 82511

Foreningen Basecamp: 76162

Fjell kyrkje: 80304

Foldnes kyrkje: 76022

Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med formål og dato.

## VI TRENGER FRIVILLIGE.

Les mer og meld din interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



KIRKENS  
SOS

## VI ER HER. ALLTID.

KIRKENS  
SOS

22 40 00 40

## FJELL KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Tytebærbrekko 2, Straume

Sentralbord: 55 09 74 40

Ekspedisjonstid:

Måndag, onsdag, torsdag og fredag: 09.00-15.00

Tysdag: 10.00-15.00

Beredskapstelefon i prostiet: 95 48 36 55

E-post: [post.kyrkja@fjell.kommune.no](mailto:post.kyrkja@fjell.kommune.no)

### ADMINISTRASJON

Kyrkjevevjerje: Olav Martin Vik

e-post: [olav.vik@fjell.kommune.no](mailto:olav.vik@fjell.kommune.no)

Ass. kyrkjevevjerje: Borghild Hustad Berge

e-post: [borgild.berge@fjell.kommune.no](mailto:borgild.berge@fjell.kommune.no)

Kontorsekretær:

Siren Nordbø

e-post: [siren.nordbo@fjell.kommune.no](mailto:siren.nordbo@fjell.kommune.no)

Kontorsekretær/informasjonsmedarbeidar:

Anne-Kari Vik

e-post: [anne-kari.vik@fjell.kommune.no](mailto:anne-kari.vik@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydssekretær: Line Steinsland Mosnes

e-post: [line.mosnes@fjell.kommune.no](mailto:line.mosnes@fjell.kommune.no)

### PRESTAR

Sokneprest i Fjell: Terje Aannerød

e-post: [terje.aannerod@fjell.kommune.no](mailto:terje.aannerod@fjell.kommune.no)

Sokneprest i Landro: Bjarte Nese

e-post: [bjarte.nese@fjell.kommune.no](mailto:bjarte.nese@fjell.kommune.no)

Fung. sokneprest i Foldnes: Vetle Karlsen Eide

e-post: [vetle.eide@fjell.kommune.no](mailto:vetle.eide@fjell.kommune.no)

Ungdomsprest: Jon Andreas Tjentland

e-post: [jon.tjentland@fjell.kommune.no](mailto:jon.tjentland@fjell.kommune.no)

### DIAKONI

Soknediakon: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47, m. 922 95 377

e-post: [torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no](mailto:torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no)

Ungdomsdiakon Basecamp: Nils Ivar Honningdal

55 09 74 58, m. 99 46 88 70

### BARN OG UNGDOM

Kateket: Rannveig Vestbøstad Vik

e-post: [rannveig.vik@fjell.kommune.no](mailto:rannveig.vik@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydsped./t-teamsleiar: Kari Burke-Romarheim

[kari.burke-romarheim@fjell.kommune.no](mailto:kari.burke-romarheim@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydsped./t-team: Søgne Lillevik Nilssen

e-post: [sognie.nilssen@fjell.kommune.no](mailto:sognie.nilssen@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydsped./t-team: Elisabeth Møll Jung

e-post: [elisabeth.jung@fjell.kommune.no](mailto:elisabeth.jung@fjell.kommune.no)

Skule- barnehagesamarbeid: Anne Ludvigsen Kaldestad

e-post: [anne.kaldestad@fjell.kommune.no](mailto:anne.kaldestad@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydspedagog/konfirmantleiar: Beate Sørhus

e-post: [beate.sorhus@fjell.kommune.no](mailto:beate.sorhus@fjell.kommune.no)

Kyrkjelydspedagog: Håkon Syrstadeng

Kyrkjelydsarbeider: Eivind Kausland Lie

### KYRKJEMUSIKK

Kantor: Olav Sørheim 56 33 25 01

e-post: [olav.sorheim@fjell.kommune.no](mailto:olav.sorheim@fjell.kommune.no)

Organist i Foldnes: Aasmund Brekke 56 32 41 90

Kantor i Landro: Eline Olsen m. 90 60 53 32

Organist i alle tre kyrkjene: Tormod Rebnord

### DRIFT

Driftsleiar: Norvald Snekkevik 55 09 74 55, m. 930 70 741

e-post: [norvald.snekkevik@fjell.kommune.no](mailto:norvald.snekkevik@fjell.kommune.no)

Kyrkjegardsarb.: Torstein Vassnes 40 84 50 17

Kyrkjegardsarb.: Lorentz Andreas Skumsnes 90 07 21 29

Kyrkjegardsarb.: Vegard Lynglund

Kyrkjetenarar i Fjell: Ingvald A. Malmø,

Janne-Lin Fjeld Andersen 56 33 25 01

Kyrkjetenarar i Foldnes: Ellen Ebbesvik,

Ingeborg Børve Skjold 56 32 41 90

Kyrkjetenarar i Landro: Ingjerd H. Johansen, Vegard

Lynglund 55 09 74 43

## SOKNERÅDSLEIARANE

Fjell sokneråd: Anne Elisabeth Møvik Hornnes

e-post: [aehorne@online.no](mailto:aehorne@online.no)

Foldnes sokneråd: Magne Supphellen

e-post: [magne.supphellen@nhh.no](mailto:magne.supphellen@nhh.no)

Landro sokneråd: Tove Karin Lyngsmo Angeltveit

e-post: [tove.karin@outlook.com](mailto:tove.karin@outlook.com)

## VESTHORDLAND PROSTIKONTOR

Prost: Erling Kopperud 55 09 74 42, m. 90 85 89 39

e-post: [erling.kopperud@fjell.kommune.no](mailto:erling.kopperud@fjell.kommune.no)

Prostiprest: Helge Unneland 911 23 612

Prosteseekretær: Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

# Faste aktivitetar i kyrkjene

Her er nokre av samlingane og aktivitetane du kan bli med på i kyrkjene i Fjell kommune. Du er hjarteleg velkommen!

## Foldnes kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Søndagsskule** - under gudstenester, når det ikkje er familiegudsteneste. Kontakt: Maria Wergeland 92 40 88 05

**Bibel, bøn og lovsong** - Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Vetle Karlsen Eide 55 09 74 46

**KM Kluzz** - cirka ein fredag i månaden kl. 16.30 til 18.30. For heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen 950 14 498

**RAMP** - annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerende temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo 478 23 425

**Barnegospel**: annankvar tysdag kl. 17.30 til 18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Andrea Ådland 977 55 938

**Treff** - i kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30-14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

**Lille lørdag** - for 7. og 8. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Vetle Karlsen Eide 55 09 74 46

**Lukas Ten Sing** - Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Håkon Syrstadeng 918 04 680

**Ungdomslaurdag** - frå kl. 19.00-22.30, for deg som går i 9. klasse og oppover. Kontakt: Jon Andreas Tjentland 55 09 74 60

**Mannsgruppa** - ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt: Morten Nygaard 924 82 896

**Basargruppa** - ein torsdag i månaden. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim 907 29 222

## Fjell kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Søndagsskule** - under gudstenester, når det ikkje er familiegudsteneste. Kontakt: Torun Svennevik 976 71 161

**Retreatkvelder** - cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontaktperson: Terje Aannerød 55 09 74 51

**Tweensklubben** - annankvar fredag kl. 19.00-21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Jon Andreas Tjentland 55 09 74 60

**Vokalensemblat Sotra reviderte** - for alle som vil syngje i a-capellakor, tysdagar kl. 19.00-21.30. Kontakt: Ingjerd Hauge Johansen 922 32 815

**Fjell kyrkjebrass** - om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00-21.30. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988

## Landro kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Onsdagsmøte** - i kyrkjelydssalen kl. 19.30 ein gong i månaden. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47

**Taco-fredag** - ein gong i månaden kl. 17.00-19.00. For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

**Nordre Fjell Barnekor** - for deg som går i 1.-3. klasse, kl. 17.30-18.40 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

**Nordre Fjell Tweenskor** - for deg som går i 4.-7. klasse, kl. 18.40-19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

**Treff i Landro** - i kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30-14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik 924 42 881

**Landroklubben** - i kyrkjekjellaren annankvar fredag kl. 18.30 til 22.30. Frå 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52


# Barnekryssord

## Vannrett:

1. En McCartney
4. Hjemmearbeider
6. Olympiske Leker
7. Fundere
11. Unni Dåvøy
12. Par
13. Jentenavn
14. Jentenavn
15. Anmode

## Loddrett:

1. Skrivebord
2. Svensk by
3. Skrattet
4. Toppen
5. Møbel
8. Jernbanen
9. Ledd
10. To like



Bli med i trekninga av ein valfri stor pizza m/drikke og is for 4!  
Send inn kryssord til Fjell kyrkjekontor, PB 184, 5342 Straume.  
Merk konvolutt: Kryssord

Vinnar av Barnekryssord i nr. 4-2017:

**DOLLY DIMPLE'S**

Celina og Antonio S. Landrø  
Vestsidevegen 650  
5363 Agotnes

Namn:.....

Adresse:.....

.....